



Det areal Trond L. Myklebust ønsker ligg vest for Børnes-kaia, i bakgrunnen på dette biletet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Rådmannen går inn for at formannskapet i møtet torsdag 10. april skal gje Trond L. Myklebust grønt lys for kjøp av nødvendig areal til utskipingsanlegg for sand på Børnes. Salet vert gjort med atterhald av at forvaltningskomiteen gjev byggeløyve til anlegget, som blir liggjande ved sida av kaia og vest for denne. Grunnprisen vert sett til 100 kroner pr. kvadratmeter og rådmannen får fullmakt til å gjennomføra salet.**

Myklebust ønsker å kjøpa fem dekar. Han har no til godkjenning reguleringsplan for uttak av sand på Døssland, men planen er enno ikkje formelt godkjent. Her er stipulert uttakstvolum sett til 1.400.000 kubikkmeter og arealet i Børnes er tenkt nytta som utskipingsplass for sanden. Arealet er i kommuneplanen utlagt til industri.

- Med tanke på at dette er eit industriområde der det alt er etablert næringsmiddelindustri, er det i samband med prosjekteringa av utskipingsdelen lagt stor vekt på å minimalisera eventuelle støvproblem, skriv rådmannen. Det er prosjektert eit eige bygg der sanden vert mellomlagra før utskiping. Nødvendig vatning av massane er eit anna viktig element.


Myklebust har også søkt kommunen om byggeløyve for utskipingsanlegget og denne søknaden vert handsama i forvaltningsstyret i mai. Det er ikkje komme inn merknader til søknaden.

Reguleringsplanen for Børnes er ikkje i tråd med slik vegsystemet har utvikla seg. I søknaden frå Myklebust er det prosjektert veg fram til utskipingsområdet frå eksisterande stikkveg. Dette er ikkje ein ynskjeleg trase med tanke på framtidig utvikling av området. Rådmannen varslar at det vil verta sett i gang ein prosess for å "vaska" eksisterande reguleringsplan, der ein også legg inn ein ny veg som kan løysa ut tomtane i øvre del av feltet samt at vegen vert ført vidare fram til toppen av utskipingsanlegget.

I ein innleiande fase av prosjektet, der det vart knytta stor uvisse til korleis eksisterande industri på Børnes ville stilla seg til prosjektet, vart også grunnavståing teke opp administrativt, opplyser rådmannen. Signala Myklebust fekk var at om byggeløyve til anlegget vart gjeve, ville administrasjonen innstilla positivt på å selja nødvendig areal, heiter det i saksutgreiinga.

I søknaden om kjøp skriv Myklebust at han ønsker å koma i gong med opparbeiding av tomte slik at den kan vera klar då reguleringsplan for sandtaket vert godkjent og for ikkje å opphalda nabotomta lengre enn nødvendig. Det er fleire som er interesserte i den. Dette er tomte som ligg rett bak kaia.

Av Ola Matti Mathisen



Det areal som er føresleget selt er skravert på denne skissa. Det er 7,5 dekar.